

Jumedalslager

JUMEDØLEN



November 2022



numedalslaget i oslo



Valdreslaget og Numedalslaget

RAKFISKFEST/ RÅKÅFISKFEST



med det som hører til

Runddans til musikk av Terje Rusten og Eilev Øverbø

Bygdedans til musikk av Sindre Tronrud og Mattias Thedens

Fredag
2. desember

Kl. 19.00
Hall i BLS

Nordahl Bruns
gate 22, Oslo

Påmelding og betaling før 30.11.

til Valdreslaget i Oslo sin

Konto: 0540.08.09331

Vipps: 10275


valdreslaget@gmail.com

991 69 602 /Bjarte

bjorg.tora.undebakke@gmail.com

977 54 018 /Bjørg

Pris: 450,- for mat,
godt drikke og god
dansemusikk.
400 for medlemer





numedalslaget i oslo

Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 6. mars 2023

Styret kallar med dette inn til årsmøte måndag 6. mars kl. 19.30 i Nordahl Brunsgr. 22 (lagsrommet i kjellaren).

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2022
5. Rekneskap 2022
6. Medlemspengar for 2024
7. Innkomne framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2023.

Numedalshytta

Hytta vår er nå oppmålt og grensene satt i samarbeid med naboane Her er utdrag frå oppmålingsbrevet:

Numedalshytta – Trulsebråten 52 A og 52 B, Lommedalen (hyttetomt)
Klarlegging av eksisterende grense for 114/38, se vedlagte kartvedlegg
til protokoll datert 20.12.21.

Eiendom: Eier:

- | | |
|--------|---|
| 114/38 | Numedalslaget i Oslo, Nordahl Brunsgr. 22, 0165 Oslo
Rekvirent: Levor Jens Traaen, Rognebærstien 6, 1349
Rykinn |
| 114/3 | Kjell Trulsrud, Skollerudveien 88, 1350 Lommedalen |
| 114/47 | Egill Bø, Grorudenga 36, 1350 Lommedalen |
| 114/5 | Hans Magnar Martinsen, Skollerudveien 90, 1350
Lommedalen |
| 114/19 | Eileen Hegna Wold, Sogneprest Munthe-Kaas vei 53, 1346
Gjettum |



numedalslaget i oslo

Bærum kommune, Oppmåling og matrikkel. Utdrag av protokoll for oppmålingsforretning, datert Sandvika 20.12.2021 og underskrevet av landmåler Harald Amundsen..

Beskrivelse av eiendomsgrensene slik de er klarlagt og godkjent av partene:

Grensene for 114/38 fastlegges som vist og målsatt på vedlagte kart. Arealet er beregnet til 10.273 kvm. Med unntak av punkt nr. 1 er det funnet gamle grenserøyser i de 7 grensepunktene fra nr. D til E på kartet. Grensepunktene nr. D, C, A, B og E ble påvist av eier av 114/38, ved Levor Traaen, 07.10.21.

I tillegg er det funnet grenserøyser i punktene nr. 16 og 38.

Alle grensepunktene for 114/38 er nå koordinatbestemt og det er satt ned offentlige godkjente grensemerker i samtlige punkter.

Det er opplyst fra eier av 114/38 at det tidligere (i juni 2020) ble avholdt en privat befaring rundt 114/38. Etter utsendt informasjonsbrev til alle parter 24.11.21, har Bærum kommune ikke mottatt tilbakemeldinger som tilsier at det er behov for et nytt møte i marka. Protokollen oversendes derfor til partene for godkjenning og underskrift.

Grensene er merket i marka slik det fremgår av ovennevnte beskrivelse og kartvedlegg.


Protokollen er godkjent av Numedalslaget i Oslo og underskrevet av Levor J. Traaen (hyttestyret) og Svein Aasen (styret)



No er det kome grensemerker. Foto: Svein Aasen



numedalslaget i oslo





numedalslaget i oslo

Tur til Numedalshytta 18. juni

Lørdag 18. juni var det igjen tid for den årlige vårturen til lagshytta vår i Lommedalen. 5 trofaste medlemmer av laget fant veien til hytta denne dagen. Som vanlig hadde vi fint vær. Etter først å ha kosta vekk en del lauv og barnåler kunne vi benke oss ute på den romslige terrassen og nyte medbrakt mat og drikke.

Taket på hytta og uthuset ble kosta for barnåler. Per og Svein tok en befaring på uthustaket. Av vedlikehold som bør gjøres i nærmeste fremtid er følgende:

- Uthuset: Et lag med ny papp på taket, tilsvarende det som ble utført på hyttetaket sommeren 2020, og utskifting av vannbord. Utføre tiltak for å fjerne litt grønske nederst på utvendig panel på veger mot nord.
- Hytta: Maling/beising av vindskier. Ev. kitting og maling av vinduer inkl. lister rundt vinduer.

Etter hvert kom også Lars Peder. Lars Peder, Kjersti og Svein tok en runde, fant og fotograferte alle de 8 nye grensemerkene, som kommunen har satt ned.

Disse var på hytta denne dagen:

Walborg U. T, Per T, Kjersti Aa, Svein Aa, Lars Peder L



Frå turen 18. juni 2022. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Råkåfiskfesten 2021

Endeleg kunne ein arrangere fest etter pandemien. Råkåfiskfesten/Rakfiskfesten blei arrangert i Halli Nordahl Brunsgrt. 22 fredag 3. desember. Det var 44 til bords og vi serverte rakfisk frå Noraker og råkåfisk frå Løvstuen i Uvdal. Lefsene kom frå Valdresbakst og frå Mollas Bakeri i Rollag (med og utan sukker). Vi hadde som vanleg kokte mandelpotet med alt tilbehør. Terje Rusten og Stein Magne Eggen (trekkspel) stod for runddansmusikken, medan Mattias Thedens og Sindre Tronrud, som er elevar ved Norges musikkhogskule, spelte bygdedans på hardingfele. Det har vore vanskeleg å arrangere fest åleine, men no fungerar samarbeidet med Valdreslaget godt. Det er interessant for begge dalfører å smake kvarandre sine mattradisjonar. Og vi møtes i felles interesse for runddansmusikk men også meg moglegheit for å sjå eller prøve kvarandres bygdedanstradisjonar.



Lars Peder ordnar fisk og eit flott dekka bord møtte festfolket.
Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo



Mange kjende fjes blant gjestene. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Tinge jubileumsbok for BLS 100 år?

Vebjørn Bakken skriv jubileumsbok for BLS 100 år. Boka vil vere ferdig trykt i januar/februar i 2023. Boka blir på ca 280 A4-sider, alle i fargar, stive permar, med masse bilde frå heile historia til samskipnaden. Alle sider ved samskipnaden sitt arbeid, medrekna Bygdelagshuset, blir grundig omtala. Omtale også av alle noverande og tidlegare medlemslag. Boka vil koste ca 300 kroner (pluss eventuell porto dersom ho må sendast) og dekkjer produksjonskostnadene. Du betalar når boka ligg føre.

Boka må tingast før ho blir trykt. Dei som tingar boka, kan få namnet sitt i helsinglista (eitt eller to namn).

For å tinge boka: Send melding til Vebjørn Bakken – e-post: vebbak@online.no eller telefon 90194897.

Fana til Numedalslaget i Oslo

Svein Aasen har sett i noen gamle protokoller. Numedalslaget satte ned en komite, som skulle skaffe laget en fane.

17. mars 1948 var det skifest i Numedalslaget, skirenn med langrenn og hopp, og fest om kvelden. På festen om kvelden redgjorde formann i fanekomiteen Sebjørn Mykstu for utkastet til fane. To forslag. Lars Solaas hadde laga utkast til fana. Flest stemmer fikk det som har motiv, litt fra hvert sted i dalen. Flesberg stue og stabbur, Synhovdtoppen fra Rollag, Nore kraftanlegg og Uvdal gamle stavkirke. Det er ingen signatur på fana. Hvem som har måla fana vet vi ikke. Alle i fanekomiteen er nå borte. Det jeg har fått opplyst er at fana vart måla av et firma som dreiv med fanemåling.

Numedalslaget holdt fanefest 8. mai 1948, for nå var fana ferdig. Det foreligger referat/avisutklipp fra den festen.

I ungdomstoget, ettermiddagen 17. mai 1948, fra Grønlands torg til Rådhusplassen, var alle bygdelagene med. Numedalslaget stilte med ny fane.



numedalslaget i oslo

Rakfiskfest/Råkåfiskfest i Numedalslaget

Svein Aasen har sett litt i gamle protokoller, regnskapsbøker og gamle referat fra fester. Festen er i de fleste tilfeller omtalt som rakfiskfest.

Det som har vært tradisjonen hele tiden er rakfisk fra Uvdal og lefse fra Rollag, lefse med og uten sukker, halvparten med og halvparten uten sukker. For eksempel i 1948 var det Rakfiskfest i Ingeniørenenes hus med ca. 200 til bords. Det var kjøpt inn 35 kg rakfisk à kr 10,- fra Th. Bjørnsrud i Uvdal og 400 lefser à kr 1,- fra Aase K. Traaen i Rollag. Øl og dram/akevitt har vært vanlig drikke i tillegg til vann og mineralvann uten alkohol.

På slutten av 1960-tallet begynte damene å pynte fiskefatene med blader av salat og skiver av rødløk og appelsiner. Jeg kan ikke finne opplysninger om at det ble servert mandelpoteter, ringerikspoteter eller andre typer poteter og rømme før festen i Flesberg 22. januar 2000. Knut Kjønaas var da formann i festkomiteen og fikk til en fin presseomtale om festen. Det foreligger avisutklipp fra presseomtalen. Etter den festen i 2000 har det vært vanlig også å servere mandelpoteter, rømme, lauk og flatbrød som tilbehør til lefse og råkåfisk. I Flesberg Samfunnshus, 22. januar 2000, var det 280 til bords og det ble kjøpt inn 60 kg rakfisk og 500 lefser med og uten sukker.



Stein Magne Eggen og Terje Rusten, spelemenn på Råkåfiskfesten i 2021. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Referat frå årsmøtet 7. mars 2022

Desse deltok: Nils Øyvind Bergset, Bjørg Tora Undebakke, Svein Aasen, Kjersti Aasen og Kato Johansen,

1. Opning

Nils Øyvind Bergset opna møtet og ønska velkommen.

2. Konstituering

Møteleiar: Nils Øyvind Bergset, referent: Svein Aasen

skrive under på protokoll: Kjersti Aasen og Kato Johansen.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste

4. Årsmelding 2021

Årsmelding 2021, som og omfatta Folkedansgruppa og hytta, vart lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Årsmeldinga vart godkjend.

5. Rekneskap

Kasserar Svein Aasen gjekk gjennom rekneskapen for 2021, underteikna av kasserer og revisor 27.02.2022. Rekneskapen for 2021 viser eit overskot på kr. 1.561,42.

Rekneskapen for 2021 vart godkjend.

6. Medlemspengar 2023:



Inga endring:

Vaksne: kr 350, barn/vaksne 14-25 år: kr 150, barn under 14 år: kr 50.
Bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna NU-lag): kr 175.

Om NU/BLS endrar sin kontingent, kan Numedalslaget og endre i same takt.

7. **Innkomne framlegg**

Ingen innkomne framlegg.

8. **Val**

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen v/Kjersti Aasen

Valet blei vedtatt etter forslaga frå valkomiteen.

Utsending til årsmøtet i BLS 15/3: Svein Aasen. Kjersti Aasen vara.

Utsending til landsmøtet i NU i april: Svein Aasen. Vara: andre styremedlemmer.

Styret takkar alle som har bidratt på arbeid og aktivitetar i laget.

08.03.2022

Svein Aasen (sign)

referent

Kjersti Aasen (sign)

Protokollvitne

Kato Johansen (sign)

Protokollvitne



numedalslaget i oslo

Årsmelding 2021

Styret

Styret sidan årsmøtet i 2021:

Kasserar: Svein Aasen

Styremedlemmer: Nils Øyvind Bergset, Kjersti Aasen, Bjørg Undebakke og Kenneth de Gala.

Varamedlem: Tormod Haug

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen var kontaktperson til BLS og NU. Han er og medlem i Folkedansnemnda i BLS. Svein Aasen deltok på leiarmøter og årsmøte i BLS.

Laget har hatt eit hyttestyre og ei nemnd for heidersmerke/fortenestemerke.

I meldingsåret hadde laget 22 medlemar. Av desse er 2 bimedlemar (hovudmedlem i eit anna lag i NU/BLS) og 2 under 14 år. Laget har 5 æresmedlemar: Reidun Kjønaas, Knut Kjønaas, Jørjan Strysse, Levor Traaen og Svein Aasen. Knut Kjønaas døydde 2. januar 2022.

I meldingsåret har vi, på grunn av koronapandemien, ikkje hatt styremøte. Vi har hatt kontakt via mobil og e-post, og snakka saman i pausen på øvingane. 4 frå styret er fast med på danseøvingane.

Årsmøtet 8. mars vart halde digitalt grunna koronapandemien. 7 medlemmar deltok.

Laget nyttar heimesidene på nettet, www.numedalslaget.no, til å informere om aktiviteten og reklamere for arrangement. Heimesidene er oppdatert med meir historisk informasjon og gamle nummer av «Numedølen». Folkedansaktiviteten har også ei eiga sida på Facebook. Lagsavisa «Numedølen» kom ut med eit nummer (november 2021).

Råkåfiskfest saman med Valdreslaget

Råkåfiskfesten/Rakfiskfesten blei arrangert i Halli Nordahl Brunsgrt. 22 fredag 3. desember.



numedalslaget i oslo

Det var 44 til bords og vi serverte rakfisk frå Noraker og råkåfisk frå Løvstuen i Uvdal. Lefsene kom frå Valdresbakst og frå Mollas Bakeri i Rollag (med og utan sukker). Vi hadde som vanleg kokte mandelpotet med alt tilbehør. Terje Rusten og Stein Magne Eggen (trekkspel) stod for runddansmusikken, medan Mattias Thedens og Sindre Tronrud, som er elevar ved Norges musikkhøgskule, spelte bygdedans på hardingfele.

Lagshytta

Hyttestyret for 2021 var: Sigrid Prestmoen Talleraas, Walborg Tuft, Tormod Haug og Levor J. Traaen. Sistnevnte har fungert som formann.

Hytta til Numedalslaget har eiga adresse: Trulsebråten 52. Uthuset har fått nr. 52 A og Numedalshytta nr. 52 B. Gårds og bruksnr. er: 114/38.

Laurdag 12. juni var det tid for vårtur til hytta vår i Lommedalen. 13 blide numedøler og andre vener av laget klarte å finne fram til den vesle hytta oppi Skullerudåsen. Som vanleg hadde vi fint vær, og vi kunne benke oss ute på den romslige terassen med spekemat og rømmegraut som Walborg stod for.

Etter maten viste Levor oss nokre grensemerker, og mannfolka rydda småskog og kvista trær for å prøve å finne retningen på grenselinjene mot naboane.

I samråd med naboeigedommane med felles grenser, tok Levor kontakt med Bærum kommune, oppmålingsvesen, avd. oppmåling og matrikkel. Dei opplyste at dei hadde målebrev med tilstøytande eigedomsgrenser for gnr 114/47. Dei anbefalte oss å bestille oppmålingsforretning for klargjering av eksisterande grenser for vår eigedom gnr 114/38. Eigedommen vil då bli oppmålt og registrert i matrikkelen med sikre grensepunkta blir merka i marka med boltar og koordinatbestemt. Vi aksepterte ein prisantydning på ca. kr 16 000.

I samråd med styret bestilte Levor oppmålingsforretning frå Bærum kommune for klargjøring av eksisterande grenser for Numedalslagets eiendom gnr 114/38. Levor var saman med representantar frå oppmålingsvesenet på befaring 7/10 og påviste grensepunkta. Desse er vi enige om og dei er i samsvar med skydelingsforretninga fra 1942.



numedalslaget i oslo

I mottatt brev fra Bærum kommune datert 24.11.2021 står følgjande informasjon om kartlegging av grense for 114/38:

«Grensene følger gamle grenserøyser, men det er satt ned offentlig godkjente grensemerker ved røysene i tillegg. Alle punkter er også markert med spraymerket pel slik at det skal være enkelt å få øye på dem.

I tillegg til de to hjørnepunktene i vest mot eiendommen gnr/bnr 114/47 er det ytterligere tre røyser på den grenselinjen, disse er også målt inn og merket nå.

Gammel merking i det sørøstre hjørnet på 114/38 var borte. Punktet er rekonstruert og merket på nytt. Beliggenheten er ved kompressor/aggregat som vist på bildet på neste side, grensepunktet er i samsvar med målebrev for 114/19.»

Bærum kommune har no, som skrevet i brevet av 24.11.21 ovanfor, koordinatbestemt alle grensepunkta for 114/38, og det er satt ned offentleg godkjende grensemerker i samlede punkt. Bærum kommune har beregna arealet til 10 273 m². Motatt protokoll frå oppmålingsforretning er datert 20.12.2021.

Folkedansaktiviteten

Også i 2021 var folkedansaktiviteten hardt råka av koronapandemien som hindra dansing. På våren hadde vi ei øving/samling i slutten av juni for å møtes, men det var ikkje mogleg å danse på normalt vis. Etter at samfunnet åpna att i september, kunne vi ha ordinære øvingar ein periode. Men så stengde samfunnet att etter at omikronviruset kom. Dermed vart det liten aktivitet i desember. Nils Øyvind Bergset var instruktør på øvingskveldane våre. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane.

I løpet av hausten 2021 var det dermed mogleg å gjennomføre 6 danseøvingar. Totalt sett var det 29 frammoter på desse øvingane. I tillegg kjem spelemann og instruktør. Totalt møtte 8 ulike personar fram. Av desse var det 4 gutter og 4 jenter.

Hilmestemnet, Fagernes 17.07.2021: Marit Måge og Nils Øyvind Bergset, og Kjersti Aasen og Svein Aasen deltok i dans hardingfele senior.



numedalslaget i oslo

Oslokappleiken 27.11.2021: Kenneth de Gala deltok i spel hardingfele senior. Marit Måge og Nils Øyvind Bergset, og Kjersti Aasen og Svein Aasen deltok i dans hardingfele senior.

Folkedansgruppa var teknisk arrangør på to folkedanskveldar (søndagar): 5/9 og 7/11. Då steikte vi vaflar og trakta kaffi og te i Nordahl Bruns gt. 22 for eit dansande publikum.

Folkedansgruppa arrangerte minikurs på begge folkedanskveldane:

- 5/9 i Rørospols, 12 deltagarar, instruktør Alix Cordray og spelemann Jan Wesenberg.
- 7/11 i Nordlandspols, 14 deltagarar, instruktør Tone Ingvaldsen og speledame Pernille Hansen.

Tillitsvalde 2022

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen	48 29 99 81
	Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo	
	e-post: sveinaasen47@gmail.com	
Styremedlem mer:	Kenneth de Gala	996 42 809
	Scheidemannshaugen 5, 3616 KONGSBERG	
	e-post: khdegala@gmail.com	
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
	Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS	
	e-post: niloberg@online.no	
	Kjersti Aasen	98 06 21 65
	Erlendsvei 48, 0669 Oslo	
	e-post: aasenkjersti@gmail.com	
	Bjørg Undebakke	97 75 40 18
	Fallanveien 30 B, 0495 Oslo	



numedalslaget i oslo

e-post:

bjorg.tora.undebakke@gmail.com

Varamedl.: **Tormod Haug** 908 54 279

Kleiva 5, 3477 Båtstø

e-post: tormod.s.haug@gmail.com

Hyttestyre: **Lars Peder Larsgård** 917 58 265

Jenshaugveien 11, 1363 Høvik

e-

post: lars.peder.larsgaard@multiconsult.no

Walborg Tuft 93 26 23 56

Teppaveien 10 A, 0976 Oslo

e-post: wutuft@gmail.com

Sigrid Prestmoen Talleraas 90 01 99 70

Th. Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård

e-post: sigrid.talleraas@hotmail.com

Tormod Haug 908 54 279

Revisor: **Aasmund Flo** 91 62 78 71

Fallanveien 30 B, 0495 Oslo

aasmund.flo@gmail.com

Hedersmerke/

Fortjenestemerke **Svein Aasen** 48 29 99 81

Nils Øyvind Bergset 416 39 567

Valkomite: **Bjørg Undebakke**

Kjersti Aasen



numedalslaget i oslo

Bygdedans frå Numedal vinteren og våren 2022 og 2023

21. november	27. februar
5. desember	13. mars
19. desember	27. mars
2. januar	24. april
16. januar	15. mai
30. januar	5. juni
13. februar	19. juni

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkommen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:
280,- for medlemmer
380,- for ikkjemedlemmer
50,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

Kurset er støtta av Studieforbundet Kultur og Tradisjon.



numedalslaget i oslo

Oppdateringar på heimesidene for Numedalslaget

Laget jobbar stadig med å legge ut ny informasjon på heimesidene. Det er spesielt historisk materiale knytt til Råkåfiskfesten, Numedølen og hytta vi har lagt ut dette året. Mange gamle nummer av Numedølen er nå skanna inn og lagt ut. Ta eit blikk på sidene våre her:

www.numedalslaget.no

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.

Medlemspengar for 2023

Prisane er uforandra frå 2022. Medlemspengane for 2023 er:

Kr. 350,- for vaksne over 26 år

Kr. 150,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 175,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til Numedalslaget i Oslo Nordahl Brunsgrt. 22, 0165 Oslo **kontonummer: 0530 19 32474**. For 2023 vert det ikkje sendt ut giro – treng du det ta kontakt med kasserar Svein Aasen.

Kenneth de Gala fekk napp i A-klassen på Landskappleiken

Fleire av dansarane i laget er aktive med å danse til tevling på kappleik. Dansarar frå laget har vore med på Landskappleiken på Rjukan, Hilmestemnet på Fagernes og Landsfestivalen i Vågå. Men aller gjevest i år var det at den faste spelemannen vår, Kenneth de Gala, fekk sitt første napp i A-klassen på Landskappleiken på Rjukan. Gratulere til han!



numedalslaget i oslo

Folkedanskveldar vinteren 2022/2023

November '22

06.	BUL / Gudåmleg	Nordlandspols
13.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
20.	Symra / Symradern og Att og fram	Rørospols
27.	Sogn og Fjordaneringen / De Frilynde	Bingsjø

Desember '22

04.	Hardinglaget / Bærum spelemannslag	Springdans frå Vestfold
11.	Folkedansnemnda/ Farande Fant og Fanteladdene	Juleavslutning

Januar '23

01.	Ingen søndagsdans	
08.	Symra / Eiker Spelemannslag	Sunnmørsspringar
15.	Numedalslaget / Østerdølene	Rørospols
22.	Hardinglaget / Bærum spelemannslag	??????
29.	SF-ringen / Golaget	Bingsjøpolka

Februar '23

05.	Hallinglaget / Gudåmleg	Hallingspringar
12.	Hordaringen / Steinsgårdskroken	Rørospols
19.	SF-ringen / Studenter frå NMH?	Bodapolska
26.	Rørosmartnan Ingen søndagsdans?	

Mars '23

05.	Symra /Symradern og Att og fram	??????
12.	Frøy / Farande Fant	Nordmørspols
19.	Hordaringen / Bærum spelemannslag	Springleik
26.	SF-ringen / Østerdølene	Bingsjø

April '23

02.	Ingen søndagsdans - Palmesøndag	
09.	Ingen søndagsdans - 1. påskedag	
16.	Hardinglaget / Dølalæte	Springleik
23.	Symra / Symradern og Att og fram	??????
30.	Valdreslaget / Farande Fant	????



numedalslaget i oslo

Mai '23

07.	Rørosleken Ingen søndagsdans?	
14.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ikkje minikurs
21.	????? / ????	???????
28.	Ingen søndagsdans – 1. pinsedag	


Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt.



Fleire bilder av grensemerkene på hytta. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo



Avsender: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag

- Reduksjon i pris på samkomer i Numedalslaget
- Reduksjon i pris på folkedanskveldane i Nordahl Brunsgt. 22. Kvar søndag er det gamaldans, og litt bygdedans, songdans og turdans frå kl. 19.30 – 22.30. Ofte minikurs i ein dans frå kl. 18.00 – 19.30. Sjå oversikt på www.bls.no.
- 20% rabatt på billettar på Det Norske Teateret i Oslo. Bruk rabattkode NU2021 for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billettar per medlem.
- 20% rabatt på Comfort, Quality og Clarion-hotell i Noreg.
- 15% på Hotell Bondeheimen i Oslo.
- 15% rabatt på Kaffistova i Oslo. Vis fram medlemskort ved betaling.
- 10% rabatt på Heimen Husfliden. Vis fram medlemskort ved betaling.